

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/19348 - 21/79208

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
23.11.2021

Førerels svar - mottatt klage på vedtak - gbnr 62/66 Tofting

Tiltak: Kai og flytebryggje
Byggjestad: Gbnr: 62/66,67
Tiltakshavar: Kenneth Bjørnevoll
Ansvarleg søker: Kenneth Bjørnevoll

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 17.11.21.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen. Det nye vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av utvalet for areal, plan og miljø i møte. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i utvalet for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av APM vedtak datert 13.10.21. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klagt på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerdet vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagan og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerdet vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje. I dette tilfellet skal tiltaket ha negative verknader i form av privatisering av strandsona, smal sund og friluftsverdiar i område. Dispensasjon for kai og flytebryggje i denne saka kan påverke tilsvarende tiltak for heile naustrekke på 7 naust og kan påverke vurdering av dispensasjon andre stader innafor denne reguleringsplanen.

Etter ei førebels vurdering av klagan er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerdet er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klagan, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER